



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/770 - 17/15674

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
19.12.2017


Byggesak gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - tilsyn

Radøy kommune synar til sak 15/770, løyve til oppføring av tomannsbustad.

Kommunen har ført tilsyn i saka. Tilsynet omfattar prosjektering etter Byggteknisk forskrift (TEK 10) § 8.6.

Følgjande kjem fram av TEK 10 § 8.6:

I situasjonsplanen som låg ved søknad om endring datert 30.11.2017 kjem det fram at parkeringsareal ligg på kote +64,3 og inngangsparti ligg på kote +65,7. Dette inneber at før bustaden vart heva 1 meter var det 40 cm høgdeforskjell i frå parkeringsareal til inngangsparti. Terrenget var derfor etter kommunen si vurdering i utgangspunktet ikkje for bratt til å etablere trinnfri åtkomst etter dei forskriftsmessige krava. Ved den opphavlege søknaden skal dermed tiltaka ha vore prosjektert med trinnfri åtkomst då unntaket i tredje setning ikkje gjeld.



At det er mogleg å få etablert inngangsparti med trinnfri åtkomst er noko kommunen legg vekt på ved handsaming av rammeløyve og godkjenning av byggets høgdeplassering der.

